



Notat

Dato: 12.05.2015
Arkivsak: 2015/5010-1
Saksbehandlar: permor1

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Skulefrukost

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 15.05.15 der representanten Alexander Fosse Andersen fremja slikt oversendingsforslag:

«Fusa vgs gir elevane tilbod om gratis skulefrukost. Både skuleleiing og elevar trekkjer fram ordninga som viktig for å betre skule- og læringsmiljøet. Ber om sak der det vert opplyst om skulemattilbod ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, og ei vurdering av kostnader ved å innføra skulemåltid i Hordaland (tilleggsmerknad: tidspunkt for skulestart om morgonen må også vera eit moment).»

Fylkesdirektør opplæring sende ut følgjande spørsmål til dei vidaregåande skulane:

1. Har skulen ordning med gratis skulefrukost i dag?
2. Dersom skulen har slik ordning:
 - a. Korleis er det organisert? Korte stikkord.
 - b. Kva er kostnadene med ordninga. Anslå totale kostnader, inklusive personalkostnader (for lærarar og eventuelle miljøarbeidarar som er med i arbeidet), administrative kostnader, kostnader til straum, reinhald etc.
 - c. Kor mange elevar nyttar seg av ordninga?
 - d. Kva er dei totale kostnadene pr elev som nyttar seg av tilbodet?
2. Dersom skulen ikkje har slik ordning:
 - a. Er det mogeleg for skulen å få til ei slik ordning? Om det ikkje er det, kvifor?
 - b. Gje eit overslag over kva det vil koste å innføre gratis skulefrukost. Anslå totale kostnader, inklusive personalkostnader, administrative kostnader, kostnader til straum, reinhald etc.
 - c. Kor mange elevar vil kunne nytte seg av ordninga? Anslå kor mange som kjem til å nytte seg av gratis skulefrukost.
 - d. Anslå kostnaden pr. elev som kjem til å nytte seg av tilbodet.

Svar frå skulane:

Ei kort oppsummering av svara viser at det er fleire skular som har hatt eller har ordning med frukost-servering. Alle ser føremoner ved at elevane får eit tilbod om god og næringsrik mat før arbeidsøktene på skulen.

Dei fleste skulane vil kunne få til ei ordning med servering på morgonen, anten før skulestart, eller i eit forlenga første friminutt.

Det ser ut til at bussruter og skuleskyss legg grenser ved mange skular for kor lang tid elevane har til frukostpause. Mange elevar kjem ikkje til skulen tidsnok til å rekkje eit måltid før første time. Skuledagen er samanklemt fordi bussrutene på slutten av dagen også går rett etter siste time. Dermed vert det heller ikkje mogleg med ein utvida matpause mellom første og andre skuletime. Skuledagen er for kort.

I tillegg til Fusa vidaregåande skule er det Olsvikåsen vidaregåande skole som gjev tilbod om gratis frukost i dag. Begge desse skulane ser store føremoner for elevane. Kostnadsbiletet ved begge skulane er noko usikkert.

Olsvikåsen vidaregåande skole er den skulen som har hatt ordninga over noko tid. Olsvikåsen har RM-undervisning for smågrupper. Det er i stor grad desse som legg opp maten og ryddar etter måltidet. Ein miljøarbeidar set fram den ferdig opplagde maten på morgonen før serveringa. Elles er det ei sjølvbetjeningsordning. Ved Olsvikåsen er det om lag 10 % av elevane som nyttar seg av tilbodet. Kostnadsbiletet er noko usikkert i og med at det er elevar i undervisning som gjer mykje av arbeidet med å leggje opp og rydde etter serveringa.

Oppslutninga om ordninga på Fusa vidaregåande skule er så langt betre; om lag 80-90 % av elevane nyttar seg av ordninga. Her er heller ikkje personalkostnadene rekna inn i kalkylane. Det er personale som har anna tilsetjing ved kantine eller som miljøarbeidar som tek frukostserveringa som ein del av sine oppgåver.

Kostnadsbiletet:

Det er ei rekkje skular som serverer frukost som ein del av det ordinære kantinetilbodet, mot betaling. Nokre skular driv kantine sjølve, og tek betaling etter kva elevane kjøper. Mange mellomstore og store skular har sett ut kantinedrifta til eksterne tenesteleverandørar. Desse vil sjølvsagt misse noko av inntektsgrunnlaget dersom det vert innført ei ordning med gratis frukost for elevane ved sida av kantinedrifta. Dersom eksterne kantinefirma skal servere fullverdig frukost til elevane, vil dei sjølvsagt måtte leggje inn anbod på tiltaket. Dersom skulane sjølve overtar denne ordninga, vil det vere sannsynleg at tenesteleverandørane vil krevje forhandlingar om kompensasjon for bortfallet av omsetjinga ved kantina.

På spørsmålet om totale kostnader er det stor variasjon, etter kva innhald skulane tenkjer seg å leggje i tilbodet, og etter kor mange dei ser for seg vil nytte seg av tilbodet. Det ser likevel ut til at langt dei fleste skulane samlar seg om ein kostnad pr. kuvert for eit enkelt måltid som vil liggje på mellom 20 og 30 kroner. To av skulane som har eksterne tenesteleverandørar, har bede om overslag frå dei som driv kantine. Både ved Amalie Skram vgs og Bømlo vgs er overslaget på høvesvis kr 29 og kr 30 pr. kuvert. På Amalie Skram er det då rekna med sandwich, frukt og drikke.

Det vil sjølvsagt vere mogleg å gjere tilbodet enklare, ved sjølvbetjeningstilbod, slik det er gjort ved Olsvikåsen vgs, ved frivillig hjelp frå personar utanfor eller innanfor skulesamfunnet, men det er nok realistisk å rekne med at det for dei fleste skulane vil vere ein vesentleg kostnad ved tilbodet. Dersom vi kalkulerer med ein realistisk kostnad pr. kuvert på 20 kr og ei oppslutning på 50 %, vil tilbodet ha ein totalkostnad på om lag 25 mill kr dersom ein reknar med at det er aktuelt å gi tilbodet i 150 av 190 skuledagar. Kostnaden kan sjølvsagt bli både høgare og lågare ved den einskilde skule, alt etter deltaking, programtilbod ved skulen og lokalt kostnadsbiletet elles.